



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/05076-9

Saksbehandlar  
Stine Karen Kjellås

Dato  
09.12.2020

## Referat Driftsstyret SMU 08.12.2020


<b>Deltakarar:</b>	Leiar Bjørn Kvernaland, Jonathan Emil Marianayagam, Sikke Rettedal Hognestad, Lillian Skarding, Aina Elise Larsen Grude, Kjetil Egeland				
<b>Forfall:</b>	Jette Bjorland, Borghild Wiig				
<b>Referent:</b>	Stine K. Kjellås				
<b>Gjeld:</b>	Referat				
<b>Møtedato:</b>	08.12.2020	<b>Møtetid:</b>	18.00	<b>Møtestad:</b>	Digitalt møte Teams

**Unntatt offentlegheit**  
paragraf

Vår ref.  
Doknr

Dato  
Dokdato

**Skulemiljø.** Resultat på elevundersøkinga syner at Orre skule ligg på nasjonalt nivå (fjorårets nasjonale nivå, årets har ikkje kome). Det er elevar på Orre skule som seier at dei vert mobba. Det er ei auke i aktivitetsplanar på skulen. Dette skuldast at ein har byrja å skrive aktivitetsplanar også for dei elevane som krenker andre. Dette har ein ikkje gjort tidlegare på Orre. Skulen meiner at det er viktig å stille dei elevane som bidreg til eit utrygt skulemiljø for andre elevar til ansvar. Det er også viktig å vere klar over at skulen har aktivitetsplikt når ein elev ikkje har det trygt og godt. Dette betyr ikkje at ein blir mobba, men det kan bety det. Det kan vere ulike grunnar til at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen. Driftsstyret tar dette til etterretning.



Med blikk for alle

**Resultat elevundersøkinga.** Skulen gjer det godt på dei områda der en satt inn tiltak i fjor. Resultata for 10.trinn er gode, målt mot resultata for 10.trinn dei to siste åra. Det er framgang på dei aller fleste områda. Eit unntak er yrkesretteiing. Dette trur skulen handlar om at alt av yrkesmesse er avlyst dette året, årets 10.trinn får heller ikkje utplassering på VGS.

**Resultat nasjonale prøver.** Det er ein liten tilbakegang på resultata på 5.trinn i lesing, målt mot i fjor. Det er likevel ein positiv trend, resultatet er høgare enn dei førre åra. Det er stort sprik mellom lågaste og høgaste nivå. Det er sett inn tiltak her. Resultata i rekning og engelsk er betre enn tidlegare år på 5.trinn. Det er gode resultat på 8.trinn dette året. Ligg på nasjonalt snitt eller høgare.

**Endring av dagsrytme.** Rektor la fram forslag til endring av dagsrytme. Skulen ynskjer ei endring, der ein skil ut tid til mat (at mat ikkje ligg til ein time som nå) og har mest mogleg lik lengde på undervisningstimane. Det er to ulike forslag, der skilnaden er kort dag for 1-4.trinn på måndag eller fredag.

Driftsstyret godkjenn endringane av dagsrytme. Fleirtal for at 1-4.trinn skal ha kort dag fredag, i tillegg til kort dag tysdag og torsdag. FAU har spelt inn at første økt er lang, 90 minutt. FAU ynskjer at skulen legg opp til variert undervisning denne økta.

**Ombygging 1979-bygget.** Leiar i driftsstyret og rektor har hatt møte med leiarane for eigedom og skule i kommunen. Driftsstyret blei informert om planane. Det er sett av 20 millionar i budsjettet til rehabilitering av bygget. Driftsstyret ynskjer å vere med i prosessen vidare. Det blei også informert om forslag om å ha bibliotek på Orre. Dette ligg i eit anna budsjett, og vil ikkje påverke midlane ein har til rehabilitering. Bjørn Kverneland og Kjetil Egeland vil til neste møte undersøke om samfunnshuset og idrettslaget er interessert i å vere med i en felles ordning for avfallshandtering. Driftsstyret ynskjer at ein har ei løysing der dette ligg i bakken og ikkje containerar som i dag.

Stine Karen Kjellås

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Mottakarar:

Aina Elise Larsen Grude

Jonathan Emil Marianayagam

Bjørn Kverneland

Jette Margith Evaliina Bjorlandhsalte

Kjetil Egeland

Lillian Skarding

Sikke Rettedal Hognestad

Kopi til:

REKTORAR, Jan Harald Forsmo